



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar referanse

20/1090-1

Vår referanse

20/00295-9

Vår sakshandsamar

Johann Roppen, Johann.Roppen@hivolda.no

Vår dato

05.06.2020

Høyringsvar frå Høgskulen i Volda: NOU 2020:3 Ny lov om universiteter og høgskoler

Høgskulen i Volda ønsker velkomen ei ny lov for høgskular og universitet og vil med dette kome med innspel til einskilde punkt i lova.

Saka har vore drøfta fleire gonger i leiinga og på to styremøte og også vore på høyring på avdelingane. Høyringa har naturleg nok vore prega av at koronakrisa slo inn for fullt i mars 2020. Det har vore vanskeleg å få godt nok fokus på dette arbeidet som handlar om meir langsiktig lovgjeving for sektoren når kvardagen har vore kriseprega. Dette gjeld ikkje berre for Høgskulen i Volda så vi reknar med at det blir teke omsyn til dette i det vidare arbeidet.

Prosessane handlar om svært viktige spørsmål som definerer akademisk si rolle i samfunnet for lang tid framover. Det er viktig at også det vidare arbeidet med lova får nok tid til at den endelege lova blir best mogeleg.

Generelt sett er vi glade for at denne lova kjem og at sentrale verdiar som akademisk fridom og fagleg autonomi skal gjennomsyre heile lova. Vi tykkjer lovframlegget legg til rette for tydelegare og meir heilskapleg overordna styring og mindre detaljstyring, noko vi oppfattar som eit felles ønske i sektoren.

§ 1-1 Formål

Generelt er vi samde i og støttar dei overordna ambisjonane for UH-institusjonane og meiner det er viktig at slike prinsipp blir stadfesta gjennom den nye lova. Det er viktig ikkje minst i ein internasjonal samanheng.

Høgskulen i Volda har ein del kommentarar som gjeld både for § 1-1 og § 2-1. Når det er sagt meiner vi det er bra at det blir tydeleg skilt mellom formål og oppgåver i lova.

§ 1-1 a) Akademisk fridom

Vi ser behov for å understreke og gjere tydeleg akademisk fridom alt frå første setning i lova og har difor følgjande FRAMLEGG TIL ENDRING (med tillegg markert med understreking).

a) på fritt grunnlag frembringe og spre ny kunnskap basert på vitenskapelige og kunstneriske metoder i tråd med internasjonale standarder

§ 1-1 b) Utdanning og undervisning

Vi er kritiske til at lovteksta ikkje nyttar omgrep som utdanning, undervisning, profesjon i kapittel 1, formål og virkeområde § 1-1. Vi legg merke til at lovteksta ikkje nyttar utdanningsomgrepet i punktet som presiserer innsatsområde for å realisere oppdraget å bidra til høgt kompetansenivå i samfunnet. Det er ein vesentleg mangel ved lova.

Vi foreslår difor ei ALTERNATIV FORMULERING av § 1-1 (med tillegg markert med understreking):

b) bidra til et høyt kompetansenivå i samfunnet, gjennom dialog, danning, faglig utdanning og personlig utvikling for den enkelte

§ 1-1 b) Meir forpliktande samarbeids- og samskapingsoppdrag

I § 1-1 b) kan omgrepet «dialog» oppfattast som passivt og lite forpliktande for høgskular og universitet. Alternative omgrep som i større grad kan vere forpliktande er «samarbeid» eller «samskaping». Vi dette er ordval som i større grad forpliktar UH-institusjonar til å søke samarbeid med eksterne aktørar.

Kravet om samarbeid med andre aktørar er nemnt i § 2-1 g). Dette kan bli oppfatta som eit tilleggskrav som handlar om noko anna enn forskning, utdanning og innovasjon. Det ville i så fall vere uheldig og neppe i tråd med det som er ønskeleg i sektoren.

§ 2-1 Institusjonsoppgåver

Vi er kritiske til at lovteksta ikkje nyttar omgrepa undervisning og profesjon i punkta som skal klargjere verksemda og ansvaret.

Vi foreslår difor ei ALTERNATIV FORMULERING AV § 2-1:

a) tilby høyere utdanning på høyt internasjonalt nivå, basert på det fremste innenfor forskning, faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid og profesjons- og arbeidslivskunnskap.

b) utføre undervisning, forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid på høyt internasjonalt nivå

§ 2-1 c) Kunstig skilje mellom grunnutdanning og livslang læring

I § 2-1 c) vert livslang læring og etter- og vidareutdanning utheva som ei eiga oppgåve. Vi er samde i at det er svært viktig at UH-institusjonane faktisk tek på seg etter- og vidareutdanningsoppgåver. Men å skille ut dette som eit eige punkt kan også oppfattast som ei tilleggsoppgåve utover det «eigentlege» utdanningsoppdraget som er formulert i § 2-1 a). Ein alternativ måte å handtere dette på kunne vere å stryke punkt § 2-1 c) og presisere at punkt § 2-1 a) også omfattar livslang læring.

§ 2-1 d) Formidlingsbegrepet

I § 2-1 d) vert institusjonane pålagt å drive forskingsformidling med fokus på forskingsresultat. Dette kan oppfattast som eit syn på forskingsformidling og innovasjon som einvegsprosessar der forskingsinstitusjonar aleine har kunnskapen som skal formidlast til andre. Utvalet har i sine kommentarar til formidlingsomgrepet (12.3.6.) argumentert for eit nyare og meir balansert forståing av formidling. Men i sjølve lovteksten blir institusjonane pålagt å «spreie og formidle fra ...» og det er ikkje ei vellukka formulering. Det er behov for ei grundigare gjennomtenking av desse spørsmåla.

Kommunikasjonsbegrepet og i alle fall tovegs-kommunikasjon kan bli oppfatta som meir balansert enn formidling og når ordvalet er «kommunikasjon om» ligg det at også andre enn UH-institusjonar kommuniserer om forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Eit betre ordval i paragrafen kan vere: «bidra i kommunikasjon om forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid».

§ 2-1 f) Innovasjon og partnerskap

§ 2-1 f) pålegg institusjonane å bidra i innovasjon og verdiskaping. Vi møter sterkare forventningar til forskings- og utdanningsinstitusjonar om å forske med og ikkje på andre samfunnsaktørar og å drive innovasjonsarbeid nært i lag med andre aktørar. Dette er ofte verdifullt og nødvendig og er også ein refleks av at kunnskapsnivået i alle delar av samfunnet stadig blir høgare.

Formuleringa i paragrafen ser ut til å føresette at det først må drivast forskning- og utviklingsarbeid og så kan det skje innovasjon ut frå dette. Det er berre ein av mange ulike måtar å drive innovasjonsarbeid på og ikkje i tråd med utvalets ambisjonar om å legge til grunn eit breitt innovasjonsbegrep. Gode forskings- og utviklingsarbeid kan like gjerne kome som resultat av innovasjonsprosessar, samtidig som innovasjonsarbeid i seg sjølv er noko som bør vere tema for forskning. Det varierer jo mykje kor vellukka innovasjonsprosessar. Lovteksten bør difor ta høgde for at innovasjon skjer som samskaping og i dialog mellom fagfolk og interessantar.

Vi vil særleg peike på at innovasjon i partnerskap og samskaping med utdanning også er ein

underspelt dimensjon i eit mangfaldig innovasjonsbegrep og svært viktig For mange bedrifter og organisasjonar, ikkje minst i regionane.

Vi oppmodar til å vurdere ei alternativ formulering (tillegg markert med understreking):

f) bidra til innovasjon og verdiskaping basert på og for å skape nye resultater i forskning, utdanning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid

§ 1 og § 2 Manglande omtale av geografiske og regionale behov

Høgskulen i Volda konstaterer at mål og formåls formuleringane i § 1-1 og § 2-1 ikkje nemner geografiske eller regionale behov eksplisitt.

Høgskulen i Volda stiller spørsmål ved om det er ønskeleg å sjå heilt bort frå geografiske skilnader og regionale behov i ein ny lov då all forskning og erfaring så langt tyder på at for studentar og fagmiljø har geografisk og regional tilknytning framleis stor betydning, også for våre største universitet.

På dette området plasserer NOU-en seg i sterk kontrast til tidlegare tiders aktive utdanningspolitikk som blant anna førte til etablering av distriktshøgskular på 1970-talet og ei felles lov for heile UH-sektoren på 1990-talet.

Høgskulen i Volda oppmodar difor til at sektormålet som pålegg sektoren å syte for «god tilgang til utdanning», inkludert etter den geografiske dimensjonen, blir integrert i lova.

Manglande fokus på profesjonsutdanning

Lova tek i for liten grad tek opp i seg dei særlege eigenskapane ved og utfordringane for profesjonsutdanningar. Utvalet har resonnert omkring dette i 12.3.3 og skriv at «studienes arbeidslivstilknytning kan bli enda bedre», men har valt å droppe formuleringar om arbeids- og samfunnsrelevans for lova i frykt for at det vil auke presset mot utsette disiplinstudier. Etter vår meining er det å gå for langt å stryke dette heilt og håper det i det vidare lovarbeidet skal vere muleg å kome fram til formuleringar som balanserer desse omsyna.

§ 2-2 Norsk som fagspråk

§2-2. Ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk

Universiteter og høyskoler har ansvar for å vedlikeholde og videreutvikle norsk fagspråk. Institusjonen skal tilby eksamen på den målformen studenten ønsker

Høgskulen i Volda STØTTAR framlegget. Norsk språk og særleg nynorsk er viktig for Høgskulen i Volda, og vi meiner det er viktig og nødvendig både gje eit overordna ansvar for norsk språk, men også at krav og forventningar til institusjonane bør konkretiserast noko meir. Vi STØTTAR framlegget om at retten til eksamensoppgåver på eige skriftspråk blir lovfesta.

Vi vil TILRÅ ei språkleg endring: Ordet «målform» bør bytast ut med «skriftspråk» slik at det er i tråd med ordbruken i framlegget til ny språklov.

Fagleg fridom og ansvar (fleire paragrafar)

§ 2-4 Faglig frihet og ansvar

(...)

Universiteter og høyskoler kan ikke gis pålegg eller instruksjoner om

a) læreinnholdet i undervisningen og innholdet i forskningen eller i det kunstneriske og faglige utviklingsarbeidet (...)

Lova gjer det tydeleg i § 2-4, særleg under a, at det er institusjonane ikkje kan instruerast om innhaldet i utdanningane. Dette er ein sjølvstendig del av akademisk fridom og det som gjer høgare utdanning til høgare utdanning. Dette er bra. Problemet kjem i § 2-6, der det vert gjort klart at departementet kan gi forskrifter om nasjonale rammeplanar for enkelte utdanningar og i tillegg kjem nasjonale deleksamenar. Resultatet blir det motsette av det som står i § 2-4. Dei seinare åra har detaljnivået i mange rammeplanar gjort det nærast uråd for tilsette ved profesjonsutdanningane å utvikle faga sine fordi det er lite rom att for autonomi, profilering og spissing.

Det hadde vore ønskjeleg med ein tydelegare lovtekst som dempa detaljstyringa.

Vi har eit liknande forhold når det gjeld opptak. I § 6-7 står det at institusjonane har høve til å sette eigne karakterkrav, og det er bra. Det er institusjonen som er ansvarleg for å kvalitetsgarantere kandidatane som vert uteksaminert. Her kan det vere rom for at enkelte institusjonar ser at dei ikkje er i stand til å sikre dette utan at kandidatane har ein viss kompetanse på førehand. Problemet er § 6-5, der det opnast for at dette kan gjerast på nasjonalt nivå. Det er to problem med at dette vert gjort sentralt. Det eine er at det overprøvar institusjonane si vurdering av at dei kan kvalitetssikre eigne kandidatar. Det andre handlar om prinsippet om at studiekompetanse er tilstrekkeleg for tilgang til studiar i Noreg.

Dersom høgare utdanningsinstitusjonar har ledige studieplassar er det urettvist at

nokon som har oppnådd generell eller spesiell studiekompetanse ikkje kan få innpass dersom det er plass ved ein institusjon og institusjonen tenker det er forsvarleg å ta studenten opp. Det hadde vore ønskjeleg at kontrollen med kven som slepp inn på eit studium vart bestemt av institusjonen og i konkurranse med andre søkjarar.

§2-5 Gratisprinsippet og egenbetaling

Høgskulen i Volda er samd i gratisprinsippet. Vi er også samd med utvalet i at desse spørsmåla må arbeidast vidare med, og særleg når det gjeld etter- og vidareutdanning. Vi har her eit dilemma der det beste er det godes fiende. Mange studentar som går inn i etter- og vidareutdanning har ikkje planar om eller behov for å fullføre ein heil grad, men finansieringssystemet premierer nettopp heile grader, og dermed fell ein viktig del av finansiering av studietilbod bort.

§2-6 Grader og yrkesutdanningar

Dette handlar om den såkalla gradsforskriften som er eit nasjonalt verktøy for å dimensjonere utdanning og kjem i tillegg til økonomisk styring av institusjonane. Spørsmålet er særleg aktuelt i samband med nasjonal kapasitet på utdanningstilbod i juss, medisin og psykologi. Aune-utvalet er delt i synet på om gradsforskriften bør vidareførast som eit slikt verktøy. Fleirtalet vil beholde den og ser på den som eit tenleg verktøy i dimensjonering av utdanning, medan mindretalet i utvalet ser på gradsforskriften som eit inngrep i institusjonane sin autonomi og vil ha den bort.

Både ut frå eit overordna prinsipp om autonomi og basert på vår eigne erfaringar vil Høgskulen i Volda **STØTTE MINDRETALET** og ønskjer at gradsforskriften blir fjerna frå lova.

§ 3 Organisering og ledelse ved statlige institusjoner

§ 3-1. Styrets ansvar

(...)

Departementet kan gi skriftlig instruks til styret når instruksjonsmyndigheten ikke er avskåret, jf. §2-4 fjerde ledd.

Høgskulen i Volda **STØTTAR** framlegget.

§ 3-3, § 3-4 og § 3-5

Styret ved Høgskulen i Volda var delt i synet på styringsordning, og her vert fleirtalet sitt syn presentert som høyringssvar frå Høgskulen i Volda på dette punktet. Røystetala for desse tre punkta var 7-4 for dei tre første punkta:

- a. Styret støttar forslaget til fleirtalet i [Aune-]utvalet om at alle uh-institusjonar får ekstern styreleiar*
- b. Ein bør og vurdere å lovfeste ei ordning med tilsett rektor*
- c. Dersom ei ordning med vald rektor vert vidareført meiner styret at tilsette grupper skal vektast likt. Ein må gjere ei særskild vurdering av korleis studentstemmar skal vektast.*
- d. Styret meiner at dagens ordning for utpeiking av eksterne styremedlemmar bør vidareførast (vedtatt med røystetala 9-2).*

§3-11. Lovlighetskontroll

Høgskulen i Volda STØTTAR IKKJE framlegget. Sakshandsaminga skal vere fullstendig og profesjonell og til det høyrer det også å vurdere og avklare spørsmål som gjeld lovlegkontroll. Det er langt frå sikkert at lovleg kontroll i ettertid vil løyse opp dei aller mest innfløkte sakene og ordninga har potensiale for unødvendig byråkrati. I saker der KD er klageinstans kan KD vanskeleg også utføre lovlegkontroll. Det kan difor vere usikkert om ein mekanisme med lovlegkontroll vil få noko å seie i praksis. For Høgskulen i Volda vil ein mekanisme med lovlegkontroll truleg ikkje føre til store endringar i praksis, men framstår som unødvendig.

§ 8-7 Undervisning, vurdering, sensur, klage og utstedelse av vitnemål

§8-7. Gjennomføring av førstegangssensur

(...)

Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern ved

- a) Skriftlig eksamen hvor karakterfastsettelsen er gradert fra A til F eller utmerket/bestått/ikke-bestått

(...)

- d) vurdering av praksisstudier eller lignende

Høgskulen i Volda STØTTAR IKKJE framlegget om å innføre ein tredje karakterskala i tillegg til dagens etablerte A-F-skala og stått/ikkje stått. Vi kan vere samde i at spørsmålet bør utgreiast og bør då særleg sjåast i samanheng med Bolognaprosessen.

Høgskulen i Volda meiner kravet om to sensorar ved bedømming av «praksisstudier eller lignende» er ei svært upresis formulering med potensielt sett store og uoversiktlege konsekvensar. Det er mangelfull argumentasjon omkring forslaget i NOU-en og difor vanskeleg å vite om det er heile eller delar av studiet eller berre praksisdelen av studia som er omfatta av eit eventuelt krav om to sensorar – ein av dei ekstern – for slik bedømming. Høgskulen i Volda STØTTAR IKKJE framlegget om at det skal vere to sensorar også på praksisstudiar og foreslår at dette spørsmålet blir utgreia grundigare før det

eventuelt vert teke opp att seinare.

§ 8-11. Gjennomføring av klagesensur

(...)

Hvis studenten har fått en skriftlig begrunnelse for karakterfastsettingen, skal denne også gjøres tilgjengelig for klagekommisjonen.

Det går ikkje eksplisitt fram av formuleringa om også karakteren det blir klaga på skal gjerast kjent for kommisjonen. Høgskulen i Volda meiner kommisjon ved klagesensur må få tilgang til all informasjon, også karakteren som vart gitt av opphavleg kommisjon, uavhengig av om det vart gjeve skriftleg grunngjeving eller ikkje.

§ 11 Ansettelser

§11-3. Sakkyndig bedømming og innstilling i undervisnings- og forskerstillinger

Ansettelse i undervisnings- og forskerstillinger skjer på grunnlag av innstilling. Innstilling skjer ut fra sakkyndig bedømming etter de kvalifikasjonskrav som er gitt i utlysningen. Det skal gjennomføres intervju, prøveforelesninger eller andre prøver, med mindre det er åpenbart unødvendig.

Høgskulen i Volda STØTTAR framlegget. Høgskulen har alt praktisert tilsettingar i samsvar med prinsippa som vert fremja i § 11-3. Bakgrunnen for at høgskulen innført dette var både likebehandling av søkarar men også å få ei vurdering av kor godt søkarar fungerer i undervisning og andre faglege samanhengar. Det har også vore viktig å avklare kor godt søkarar meistarar norsk som fagspråk, noko som er svært viktig i profesjonsutdanningar. Erfaringane tyder på at dette har vore viktige tiltak, særleg for undervisningskvaliteten.

Høgskulen i Volda TILRÅR at ordet «prøveforelesninger» vert bytta ut med «prøveundervisning» fordi det kan gi inntrykk av at førelesingar er den einaste forma for prøve på formidling som kan eller bør nyttast i samband med slike vurderingar.

§ 15-1 Institusjonsstatus

Institusjonsstatus og rettar knytt til dette er omtala fleire stader i lova:

§ 1-1 Lovens virkeområde

(...)

Hvilken kategori den enkelte institusjon tilhører, avgjøres av Kongen på grunnlag av en faglig vurdering fra Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).

Sjå også:

§ 15-1 Akkreditering av studietilbud og institusjoner

Lova er ei felles lov for universitet og høgskular. Med unntak av det som er nemnt om særlege ansvar i § 2-3, har alle institusjonar i alle kategoriar dei same oppgåvene og det same mandatet.

Styret meiner NOKUTS rolle som akkrediteringsinstitusjon bør vurderast og at i samband med det vil det vurderast om det er naturleg å også vurdere heile akkrediteringssystemet, inkludert institusjonakkrediteringa.

Med helsing

Karen Lomeland Jacobsen
Direktør

Johann Roppen
Rektor

Dokumentet er elektronisk signert.